

REFERAT FORELDREMØTE 1.-4. KLASSE, HAUST 2022

Saksliste:

Informasjon om heimesida. Oppfordrar alle til å abonnere slik at du får varsel når nye ting (t.d. vekeplanar) blir lagt ut.

VISMA Flyt skule

Fint om meldingar blir sendt gjennom appen, for då ligg dei lagra i ettertid.

Samtykke: Fint om foreldra til nye elevar krysser av ja eller nei under fana "Samtykke/skjema" (må logge inn på datamaskin). På mobil kan du senda/få meldingar og melda fråvær.


Treng du hjelp, så kontakt rektor eller oss lærarar.

Heimesida

Vekeplanar
Arsplanar for fag
Plan for elevane sitt skulemiljø



VISMA Flyt skule



Nye venegrupper. Øverste familie i kvar gruppe tek initiativ til første møte. Hugs at det skal vera eit lavterskeltilbod med t.d. enkel mat og leik. Fint om alle hugsar å invitera gruppa heim ein gong i løpet av skuleåret. Gløymmer nokon på gruppa det må det vera lov å koma med ei venleg påminning (evt. at de gjev beskjed til klassestyrar, så kan denne gje eit hint på vekeplanen 😊). Foreldre melder elles om god erfaring med venegrupper.

Venegrupper

Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4
Elias Ingrid Aksel Fiona	Ksawery Ferdinand Damian	Hedda Patrick Eirik Liva	Tallak Vilde Fenno Frida



Me har også god erfaring på skulen når det gjeld venegrupper. Elevane gler seg til å bli med andre heim. Målet er å setja saman dei som ikkje naturleg oppsøker kvarandre for å bli betre kjent. Desse gruppene bruker me også endel i inndelingar når me har felles aktivitetar på skulen.

Zippys venner

Zippys venner: Målet er at elevane utviklar mestringsstrategiar og sosial kompetanse for å skapa eit godt klassemiljø og mindre mobbing. I timane gjer me mange ulike aktivitetar. Forskning viser at programmet har positiv effekt.



Skule-heim-samarbeidet:

Haustsamling i Øysteinshedlaren

onsdag 14.sept. kl. 17.00-18.30

Bål, og kvar familie tek med ei vedskje og mat/drikke dei vil ha (bålmat eller niste).

Elles er det lov å koma med forslag om ein har idear til andre ting ein vil samarbeida om.

Skule-heim-samarbeid

Haustsamling

Sommeravslutning

Foreldrekonferansar haust og vår

Andre forventningar eller ønske?

Klassekontakt 1.-2.kl.: Linda, vara Ingvild

Klassekontakt 3.-4.kl.: Kim Erika, vara Hilde Marie



Info:

- Norli junior lesekonkurransse.
- Parkering/henting av elevar.
- Leksehjelp måndagar 14.30-15.15
- Sommarminne - siste frist fredag
- Bruka refleksvest på skulevegen når det byrjar å bli mørkare
- Alltid bruka sykkelhjelm
- Elevråd: I år prøver me ut at ALLE klasstrinn skal vera med på møter. 1.-2. kl.: Fenno/Liva er vara. 3.-4.kl.:



Norli junior lesekonkurransse er frå 12.09. til 09.12. Fint om alle kan laga brukar til sitt barn.

Hugsar ein brukarnamn og passord frå i fjor (for dei som var med då) kan det brukast.

Klassekode for 1.-2. klasse: C5EF

Klassekode for 3.-4. klasse: JJMJ

Bursdagar: Foreldra diskuterte organisering. Det kan vera vanskeleg å ha ein felles regel på kven som skal inviterast, men det viktigaste er at ein passar på at ingen føler seg utestengt. Ein kan t.d. invitera berre jenter eller berre gutar, berre 1.-2. klasse osv. Felles einigheit om at 100 kroner var passe presangbeløp.

På dei to neste sidene kjem nokre notat frå den delen av møtet me var kvar for oss.

Helsing

Anne og Anne Grethe

REFERAT FRÅ MØTET I 1.-2. KLASSE

Veldig kjekk gjeng i 1. og 2. klasse 😊

Borghild er vikar ei stund framover, og Liv Anne vil overta nokre av timane etter kvart (elevane har allereie møtt ho). Nokre norsktimar vil 1. og 2. klasse ha saman, og då vil Anne vera lærar.

Timeplan 1. og 2. klasse

Timeplan for 1. og 2. klasse 2022/2023

	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
1	Norsk Anne og Lena	Norsk Anne og Lena	Norsk Anne	Norsk Anne og Lena	Norsk Anne og Lena
2	Engelsk 1-2 Anne	Matte Anne og Lena	Matte Anne	Matte Anne og Lena	Matte Anne og Lena
3	Symjing 1-2 Erik/Hilde	Tema 1-2: Samfunnsfag og naturfag m/Erik Kolbeinsen	Tema 1-2: Samfunnsfag og naturfag m/Erik Kolbeinsen	Anne og Lena	Kroppsøving 1-4 Ingeborg Setna
4	KRLE 1-2 Anne	Matte 1 Anne/Lena	Matte 1 Anne/Lena	KRLE Zippy Anne	Kunst og handverk 1-4 Erik og Anne Grethe
5	Matte 1 Anne/Lena	Lekselesing 14.30- 15.15 Huga: Badetøy	Skuleonsdagar: 16.11 - 14.12 - 04.01 12.04 - 03.05 - 31.05 21.06	Lekselesing 14.30- 15.15	Huga: Klede til gym

Lekserutinar i 1.-2. klasse:

BOKSTAVARK FOR BOKSTAVANE **I/i** og **S/s**
Les høgt kvar dag for ein voksen. Hold peikefingeren under bokstaven medan du seier bokstavlyden.

I i s i s s i l s s S
i i s S s i l i i



is si is is si sol is

Liva ser is.
Fiona ser sol.
Frida ser is.

Fag	Mål for veka/tema me jobbar med	Grønne	Røde	Gule
Norsk	Bokstaven i/i og S/s - Eg kan lesa og skriva bokstaven i bokstavslyden.			
Engelsk	Eg kan sei Good morning!			
Matematikk	Eg kan seie fem.			
Tema	U1 - natur.			
Sym/symjing				
Sesist mål	Eg er glad morgon eller her 11 andre stader og vil bli og tygje på skolen.			

aktivitet	Tytdag	Onsdag	fredag
Norsk 1-2	Matte 1	Norsk 1-2	Symjing
Norsk 2	Tema 1	Norsk 2	matte/Matte 1
Engelsk 1-2	Matte 1	Matte 1	Bokstave 1-2
Symjing 1-2		Matte 1	Barn 1-4
KRLE 1-2	Tema 1-2	KRLE 1-2	CSH 1-4
Matte 1		Matte 1-4	
Lekselesing 14.30-15.15		Lekselesing 14.30-15.15	

LEKSER	
Lesing	Les bokstaven for ein voksen kvar dag. Peik på bokstaven og sei bokstavslyden.
Skilting	Dei på 3. januar 2023 og 10. januar 2023.
Matematikk	Dei på 3. januar 2023. Det er fem 100-krone mynter.
Engelsk	Dei på 3. januar 2023. Det er fem 100-krone mynter.
Tidning	Dei på 3. januar 2023. Det er fem 100-krone mynter.

KLASSEREGLAR

- Me lyttar når andre snakkar
- Me rekk opp handa når me vil seie noko
- Me seier ikkje at noko er kjedeleg
- Alle skal få vera med i leiken
- Me er snille mot kvarandre

Vekeleksene gjer elevane ferdig til fredag. Gå gjennom mål for veka og kryssa av på torsdagar. Det er ikkje forventa at elevane sjølv skal klara å lesa alle oppgåvetekstar t.d. i matematikk. Det er lov å hjelpa til. Blir leksemengden for overveldane eller spesielle situasjonar gjer det vanskeleg innimellom, så berre skriv ein kort beskjed på vekeplanen eller i Visma. Ein skal ikkje sitja i timesvis med frustrerte barn for å få gjort leksene.

Åse-Berit informerte om leseprosjektet READ: <https://readagder.no/1-klasse/>

Kort fortalt: Elevane vil få ei bokpakke og de foreldre blir oppfordra til å delta aktivt i lesinga. Prosjektet vil vera frå veke 42-49. Alt de les kan sjølvsgatt også registrerast på Norli junior sin lesekonkurranse 🍌

Er det noko de lurar på eller vil snakka om er det berre å ringa (986 32 333) eller senda melding i Visma.

Anne

REFERAT FRÅ MØTET I 3.-4. KLASSE

Svært kjekt å bli kjent med 3. og 4. klasse-gjengen!

Me har hatt ein god start! For å bli godt kjent med kvarandre har me vore mykje ute, og hatt organiserte leikar inni mellom arbeidsøktene i klasserommet. Ekstra viktig i år, då Vilde er heilt ny i klassen. Kjekt med tilbakemelding frå hennar heim om at ho trives på skulen/i klassen, og eg merkar også at elevane har teke veldig godt i mot ho.

Naturfag, samfunnsfag og KRLE blir arbeida med bolkevis i Tema-timane. Borghild Kvæven er vikar i engelsk ei stund framover. Eg er heldig som får ha mykje timar i klassen, og vil leggja opp undervisninga ute så ofte eg kan, der det er naturleg.

Me tek utgangspunkt i Salto 4 (4. klassebok), i norsk. Har felles lesetekstar derifrå, men vil tilpassa lesemengda til kvar enkelt elev. Dette er mest praktisk i samtale om tekstane. I språk- og skirveopplæringa brukar me ein del frå Salto 4, men tilpassar til 3. klassingane der det er behov. Det er litt kopiark no i starten, for alle bøker er ikkje på plass endå.

3. og 4. klasse har ulik matematikkundervisning. Me kjem til å ha fast stasjonsarbeid på torsdagane og prøver oss litt fram dei andre timane på kva som fungerer best til ei kvar tid.

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG
Norsk	Norsk		Norsk	Norsk
Norsk	Norsk		Norsk	Norsk
Matematikk	Matematikk		Tema	Matematikk
Tema	Engelsk	Skuleonsdagar 16.11 – 14.12 -04.01 – 12.04 -03.05 – 31.05 – 21.06	Matematikk	Kr.øving
Engelsk	Tema		Matematikk	K&H
Symjing	Tema		Musikk	K&H
Lekselesing				

Klassen har laga sine egne reglar for korleis dei vil ha det:

- Me rekk opp handa.
- Me snakkar ein om gongen.
- Me ryddar etter oss.
- Me hjelper kvarandre.

Klassemiljø og læringsmiljø

Slik vil me ha det i 3. og 4. klasse

- Utgangspunkt i [Skulen sine ordensreglar på heimesida](#)
- "Premie" i enden av ei dobbeltøkt/god arbeidsøkt: Litt tidlegare friminutt, ein leik..
- Set av tid kvar veke til arbeid med klassemiljø (aktivitetar/oppgåver/samtalar..)



Vekeplan og lekerutinar i 3. og 4. klasse

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG
1. Norsk	Norsk		Norsk	Norsk
2. Norsk	Matematikk	F	Norsk	Norsk
3. Matematikk	Uteskule	R	Matematikk	Matematikk
4. Tema	Uteskule	I	Matematikk	Kr øving
5. Engelsk	Uteskule		Tema	K&H (ute)
6. Symjing	Engelsk		Musikk	K&H (ute)
Lekselesing				

HEIMEARBEID 3. trinn		Fag	Mål for veka	Er måla nådd?
Lesing	<input type="checkbox"/> Les 1. leksjon "På jakt etter stader" 3 gonger for ein veka.	Norsk	Eg kan fortelja skilnaden på egget og fødselsdagen .	
Skirving	<input type="checkbox"/> Skriv alle eventyr fra gongen i heimeboka <input type="checkbox"/> Gjer oppgåvene på arket som du har fått utdelt.	Matematikk	Eg kan forklare ordet gjell , eller og kan vise bredda til med pengar, fortløps og hekkelpar.	
Diverse	<input type="checkbox"/> Sjå under elles, god, denne, stid	Engelsk	Eg veit om eg skal bruke he eller she .	
Reking	<input type="checkbox"/> Øvskule 8 <input type="checkbox"/> Øvskule 9	Tema	Handstø og bruk av matlase.	
Engelsk	<input type="checkbox"/> Arbeid med oppgåver på English 3. Øvskule . Om du gongar heile tida du oppgåvene på English 1. Øvskule med Crash i 3. og 4. år. Er du god? ... mest prøv deg gjerne på andre oppgåver og	Leselos	Forføring. Sjå på bilde og overskrifter og sei kva og trur ein tekst handlar om.	
		Sosialt mål	Eg selver god innogut eller trur til andre elevlar og lukse når eg kjem på skulen.	

Vekeleksene gjer elevane ferdig til fredag. Gå gjennom mål for veka og kryssa av på torsdag + underskrift av føresette. Fint med tilbakemelding om det blir for mykje/vanskeleg.

Timeplanen er "levande" der kan bli endring i rekkjefølgje på timane, om det skjer noko anna eller om me skal vera ute.

Det vil nok også koma litt datalekser etter kvart.

Er det noko de lurer på eller vil snakka om er det berre å ringa (95 05 97 74) eller senda melding i Visma.

Anne Grethe